



Klasseromfløyen som skal renoverast

Når vil den høgst nødvendige rehabiliteringa av skulen skje?

Kanskje kan dette spørsmålet besvarast etter at saka har vore oppe i eit lokalt møte onsdag og i formannskapet torsdag. Det har vorte enda meir aktuelt etterat økonomien i kommunen vart enda meir belasta.

Onsdag kveld klokka 19 står saka på saklista under ope møte på Systrene Nilsen.

Der vil FAU ved Johannes Hjørnevåg orientera og lokale politikarar kjem også sikkert med viktige opplysningar om det siste som har skjedd

Torsdag skal formnnskapet drøfta planen for rehabiliteringa som mellom anna inneber køyring av dei 4 øverste klassane til Seglem skule. Men politikarane skal også drøfte økonomien som kanskje er slik at investeringane må frysast i 2 år og med dei følger det kan få også for skulerehabiliteringa her i bygda

Møtet til UU blir tredelt.

Det blir også orientering om Festidalen, nærare bestmt om pynting av dalen, bruk av området på Dønhaug og frivillige.

Det blir også orientering om endringar og oppdatering av uskedalen.no og andre saker frå UU-styret.

Av Ola Matti Mathisen